

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 17.12.2021, kl. 09:00-15:00

MØTESTAD: Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå møterom 4/video)

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Børge Stavland, stedfortreder direktør Medisinsk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Asle Kjølraug, kst. fagdirektør
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Thomas Lindseth, seniorrådgjevar
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Anja Myhre Hjelle, overlege
Marit Solheim, forskingsleiar
Guro Mjanger, seksjonsleiar

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel	
077/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
078/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.11.2021	
079/2021	Administrerande direktør si orientering	
080/2021	Rapportering frå verksemda per november 2021	
081/2021	Årleg melding 2021 for Helse Førde HF	
082/2021	Budsjett 2022 – Helse Førde HF	
083/2021	Investeringsbudsjett 2022 – Helse Førde HF	
Saker til orientering:		
084/2021	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde	
085/2021	Rapportering om prosjekt i Helse Førde	
086/2021	Nye Førde sjukehus - løypemelding	
087/2021	Eventuelt	
	Skriv og meldingar	
Lukka del:		
088/2021	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn	Helseføretakslova § 26a, 2.ledd nr. 1

Styret si eignevaluering

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og tilhøyrar velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Adm. direktør Varden innleia om forskingsprosjektet og disputas.

Overlege Anja Myhre Hjelle orienterte frå avhandlinga om beinskjørheit

Revmatologi

Revmatologi handlar om betennelse i kroppen. Det har vore ei spennande utvikling i dette fagfeltet. Forsking og fagfeltet jobbar tett saman.

Osteoporose og bruddforskning var del av disputaset. FABB-studien er den største studien gjort i Sogn og Fjordane. Dette var eit tett samarbeid med ortopedisk avdeling. Det var sett på cøliaki, beinskjørheit og risiko for brudd. Dette er prosessar som tek tid.

I juni disputerte ho i Førde, og etterpå var det ein seremoni i Bergen.

I disputas om beinskjørheitsbrudd:

Fokus var å sjå på korleis kan vi bli betre til å førebygge beinskjørheitsbrudd.

Utfordring er at dei fleste som skulle hatt behandling i dag ikkje får det.

Avhandlinga er tilgjengeleg på UiB, og vi har opptrykte hefter her.

Styret takka for ei fagleg interessant orientering. Dette er eit stålande eksempel på at klinisk forskning har innverknad i pasientbehandlinga.

Styret stilte spørsmål om:

- *korleis når vi ut til kommunane om det førebyggjande arbeidet?*
- *korleis er samarbeidet med større faglege miljø elles i landet?*

Overlege Myhre Hjella svara at det skulle vore meir arena for å møtast med kommunehelsetenesta. Vi har PKO som vi kan bruke meir aktivt med fastlegane. Vi har elektronisk dialogmelding med fastlegane, som er ei læring begge vegar. Vi bør vere flinkare til å bruke media, og auke befolkningsbevisstheit.

Sak 077/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om køyrereglar for dagens digitale styremøte.

- Styremøte hadde fagleg orientering
- Nye Skriv og meldingar var utsendt 16.12.2021:
 - Protokoll frå drøftingsmøte 15.12.2021 vedr. utkast til budsjett og investeringsbudsjett for Helse Førde 2022
 - Vedtak i FAMU 15.12.2021 knytta til utkast budsjett/investeringsbudsjett 2022 for Helse Førde
- Styret si eignevaluering 2021 var utsendt til styremedlemmane

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 078/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.11.2021

Styremedlem Sandal hadde merknad til sak 069/2021, punkt 9, i 3. linje der rett namn er «Kommunal- og moderniseringsdepartementet».

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.11.2021, med ovannemnde merknad.

Sak 079/2021 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør innleia med bilde frå markeringa 3. desember for tilsette med 25 og 40 år tenestetid i Helse Førde.

Orienteringa hadde nytt punkt 7 Status Psykisk helsevern

1. Rapportering tilsynssaker
2. Oversikt over aktuelle høyringar

Styret etterspør orientering om følgjande høyringar:

- ✓ Høyring – Nasjonal fagleg retningslinje for somatiske akuttmottak
- ✓ Forslag til endringar i Akuttmedisinforordninga, med svarfrist 01.03.2022. Kva ligg i denne som vil få konsekvensar for oss?

Adm. direktør Varden svarta at det vert løypemelding om desse høyringane på neste styremøte i januar 2022.

3. Saker til oppfølging etter styremøte
4. Korona og RS – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden og kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om:

Status RS og Korona

- RS virus er noko på veg tilbake
- Det er forventande omfattande auka smitte med omikron
- Forsyningssituasjonen
- Utfordringa er å få tak i rett personale
- I går hadde vi 9 pasientar innlagt. Per i dag er 8 pasientar innlagt, derav tre pasientar på intensivavdeling, den eine i respirator
- Det er aukande smittetrend i regionen
- Kan bli nedtak av elektiv verksemd

Vaksine:

Ca 1500 av våre tilsette har fått tredje. dose. Ca 700 kan få tredje. dose ved nyttår. Vi har opning for vaksinerings heile tida, også mellom jul og nyttår. Adm. direktør oppfordra til vaksinerings også i dialogmøte i går.

Dei viktigaste tiltaka våre:

- Redusere nærkontakt, ein meter avstand, munnbind
- Alle som kan skal ha heimekontor
- Etablere gode testregime for tilsette
- Planlegg omfordeling av ressursar

- Vaksinere tredje dose

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om:

Omfordeling og styrking av ressursar

- Førebu medisinske sengepostar for fleire pasientar
- Gje opplæring
- Beredskap for rask auke til nivå 2
- Treng ekstra sjukepleiarar på alle vakter i medisinsk sengepost ved Førde sentralsjukehus
- Må kunne avlaste akuttmottak

Testregime for korona vart skissert.

Styret ga dei tilsette honnør for fleksibilitet og innsats for å oppretthalde ordinær drift samtidig som ein handterer koronasituasjonen og covid-pasientar på ein framifrå måte.

5. Status lærlingar og utdanningsstillingar i Helse Førde

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om status for lærlingar og utdanningsstillingar.

Vi har no 25 lærlingar i løpet. Styringsdokumentet gir føringar for at vi skal ta imot lærlingar. Arbeidet med å auke talet på lærlingar i helsefag skal prioriterast.

Sjukepleiarar i vidareutdanning innan sentrale fagområde vart skissert.

6. Kritiske saker Synergi

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om kritiske Synergi-saker, og henviste til spørsmål frå styret.

Risikomatriksen i Synergi har ulike omgrep for alvorsgrad ved ulike sakstypar.

I 2021 var det meldt 23 kritiske saker. Nokre av desse sakene omhandlar:

- Sjølv mord
- Sjølvskading
- Pasient fekk eit trykksår under opphaldet i medisinsk avdeling FSS
- Pasient fall ut av ei seng på grunn av defekt sengehest, alvorleg skadd

Ei kritisk sak skal varslast til Statens helsetilsyn, jf. Lov om spesialisthelsetenesta § 3-3 a.

7. Status Psykisk helsevern

Direktør Tvedt orienterte om Psykisk helsevern, auka tilvising for born og vaksne.

Utviklinga vi såg i september har ikkje snudd. Det er fortsatt vesentleg trykk på henvisningar frå barn og unge. Samtidig er avvisingsprosenten låg.

Samanlikning med føretaka vart vist til.

Det er lang ventetid og press på helsetenesta, men ein prioriterer heile tida dei som treng helsetenesta mest. Henvisningar psykisk helsevern vaksne viser no auke siste tre månader.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 080/2021 Rapportering frå verksemda per november 2021

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Ventetid for ventande var 64 dagar i somatikk. Det er lengst ventetid ved ØNH-avdeling, samhandling og tverrprofesjonelle tenester og augeavdelinga
- PHV og TSB held seg som tidlegare godt innanfor måltala på ventetid. For PBU held ventetida seg framleis noko over måltala
- Fristbrot viser 101 i somatikken i november
- Resultatet i perioden er negativt med 1,2 millionar, som er 4 millionar bak budsjett
- Resultatet hittil er 16,3 millionar, som er 14,9 millionar bak budsjett
- Sjukefråværet var 7,5 prosent i oktober
- Fråværet i Helse Førde er noko lågare enn i dei andre helseføretaka i Helse Vest
- Adm. direktør held fast på prognosen med 20 millionar
- Pandemien gir oss utfordringar

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 104 nye i november, tilsvarande 3,9 prosent

Rapportering iht årshjulet:

- Gylne regel: Intensjonen er styrking av psykisk helsevern og rus
Intensjonen er at vi vil jobbe med å få dette til, men vi klarer det ikkje
Vi oppfyller ikkje den gylne regel
- Liggedøgn utskrivingsklare pasientar: viser 21 døgn, tilsvarande 0,4 prosent.
Vi har gode tall, samanlikna med Helse Vest er 1,8 prosent
- Stryking planlagde operasjonar: viser 4,1 prosent i november. Vi har eit stort tal gjennomførte operasjonar.
- Akuttmottak:

Sepsis/blodforgiftning: oppstart av antibiotika for raude pasientar siste 12 månader viser 61 prosent

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Overordna pasientflyt per oktober viser auka henvisning

Nytilviste 6 372	Totalkø 47 490	Avslutta 5 693
------------------	----------------	----------------

Aktivitet i somatikk var 77 prosent. Aktivitet i psykisk helsevern viser 74 prosent.

Resultat i perioden er negativt med 1,2 millionar, som er 4 millionar bak budsjett. Resultatet hittil er 16,3 millionar, som er 14,9 millionar bak budsjett

Driftskostnader er samla 3,9 millionar bak budsjett. Personalkostnader har eit meirforbruk på 9,7 millionar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2021 til vitende.

Sak 081/2021 Årleg melding 2021 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Helse Førde har klart å oppretthalde ei god drift i 2021, sjølv om føretaket har vore i ein beredskapssituasjon stort sett heile året. Organisasjonen har makta å halde framdrift i tenesteutviklinga, og mange tilsette deltek i prosjekta i Nye Førde sjukehus. Dagabygget stod ferdig i februar, og Livabygget er under bygging.

Styret konstaterer at Helse Førde heller ikkje i 2021 har makta å innfri alle kriteria i den gylne regel, til liks med mange andre føretak.

Styret meiner at årleg melding gjev eit godt og nyansert bilete av tenestene og aktiviteten i Helse Førde og viser at føretaket gjennomgåande leverte på krava i styringsdokumentet i 2021.

Helse Førde har samla sett eit tilfredsstillande driftsresultat i dei to pandemiåra 2020 og 2021, sjølv om føretaket er noko bak budsjettkravet det siste året.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om årleg melding, eit dokument der mange bidreg med tekstdel.

Styret kommenterte at dette dokumentet er Helse Førde si rapportering til eigar, jf. styringsdokumentet.

Styret kommenterte:

- Side 19: Nasjonal bemanningsmodell, korleis og kvar vi brukar den
- Side 17: Kontaktlegeordninga; vise til at det har vore drøfta med Brukarutvalet
- Vurder om bruk av deltid skal det vere med i dokumentet

Styret gir styreleiar og adm. direktør fullmakt til å utvikle teksten i styret si innleiing.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner årleg melding 2021 for Helse Førde HF.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å oppdatere aktivitetstal, økonomital og nødvendige kommentarar knytt til tala før årleg melding blir sendt til Helse Vest RHF 15. januar 2022.

Sak 082/2021 Budsjett 2022 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Administrerande direktør legg fram eit budsjett med 30 millionar kroner i overskot. Endring i drifta som ligg i klinikkane sine budsjett, skal gjennomførast innanfor planlagt tid og økonomisk effekt. Driftsendringar i 2022 som går ut over budsjettet, må føretaket dekke med nye tiltak slik at Helse Førde held seg innanfor ramma sett av Helse Vest.

Adm. direktør Varden orienterte om budsjett 2022, som i stor grad ei vidareføring av budsjettet for 2021 med unntak av pandemien

- *Det er budsjettert med ei resultatkrav på 30 millionar*
- *Samla framlegg til realendingar, innsparingskrav og flytting frå investeringsbudsjett til drift utgjer 45 millionar*
- *Som i 2021 må vi fortsatt ha fokus på god drift, samtidig som vi skal finne gevinstar knytt til Nye Førde sjukehus og innføring av nye system*
- *Det er ikkje gitt midlar til pandemien i budsjettet*
- *Sannsynlegvis vil pandemien bli ein del av drifta fram til sommaren 2022*
- *Den gylne regel: godkjende realendingar innan psykisk helsevern er 5,2 millionar og tilsvarande i somatikken 3,9 millionar*

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om budsjett 2022

- *Resultatkrav i perioden 2019 – 2022*
- *Rammene frå Helse Vest er på 2,9 milliardar*
- *Sentrale føringar*
- *Rammefordeling til klinikkane*
- *Budsjettert aktivitet i 2022 er plan for 56 poeng høgare enn budsjett 2021. Veksten er innanfor medisinsk klinikk og då på H-resept*
- *Budsjett psykisk helsevern har satsingsområde med tilbod til barn og unge, og å styrke ambulansetilbod*

Styret kommenterte at saka er god og gir god oversikt. Det er krevjande at det ikkje ligg inne konsekvensar av pandemien i 2022. Det er forventta at eigar vil kompensere for desse. Her har vore ein god budsjettprosess, som gir eit godt utgangspunkt for realisering av planane.

Styret kommenterte den gylne regel, rekrutteringssituasjonen, og pandemisituasjonen.

Styreleiar Landstad oppsummerte med at det var eit god sak, med god prosess og oppbygging av saka. Psykisk helsevern blir viktig også i ei komande åra. Styret må ha fokus på rekruttering lokalt og sentralt, den kortsiktige og langsiktige utfordringa. Budsjett er nøkternt og stramt. Forventar at midlar til pandemien vert løyst.

Framlegg til vedtak:

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2022 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2022.

Styreleiar Landstad hadde følgjande tilleggspunkt 4:

Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg punkt 1 – 3, med styreleiar Landstad sitt tilleggspunkt 4, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2022 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2022.
4. Styret ber administrerande direktør følgje konsekvensane av budsjett-tiltaka nøye, særleg med tanke på HMS for tilsette, kvalitet i tenestene og pasienttryggleik.

Sak 083/2021 Investeringsbudsjett 2022 – Helse Førde HF

Oppsummering:

Utgangspunkt er vedteken økonomiske langtidsplan ved utarbeiding av budsjett for 2022. Førselege investeringsbudsjett for 2022 er på 331,9 millionar, medan langtidsbudsjettet la opp til å løyve 419,1 millionar. Redusert behov skriv seg frå utsett finansieringsbehov til prosjekt Nye Førde sjukehus i åra 2021 og 2022.

Samanlikna med økonomisk langtidsplan er ramma for medisinskteknisk utstyr auka med 28 millionar og IKT med 0,9 millionar. For post nybygg og ombyggingar er fem millionar flytta til vedlikehald av bygg i driftsbudsjett.

Hovudsatsinga i 2022 er Nye Førde sjukehus med pågåande bygging av Livabygget, samt arbeid i Svanabygget for å kunne knyte bygga saman på ein god måte. I tillegg er det løyvd midlar til arealplan Lærdal sjukehus. Utover investeringar til bygg er det i sett av midlar til medisinteknisk utstyr, IKT-utstyr og nye ambulansar.

Adm. direktør Varden og økonomidirektør Helleseth orienterte om investeringsbudsjett 2022.

Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2022:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2022
Byggteknisk infrastruktur	8 600
Arealplan Lærdal	2 000
Nye Førde sjukehus	267 700
Sum	278 300
Medisinskteknisk utstyr (MTU)	40 000
IKT	3 600
Ambulansar	10 000
Sum MTU og andre investeringar	53 600
Sum investeringar	331 900

2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor ramma til investeringsbudsjettet. Administrerande direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Styret ber administrerande direktør legge fram fem-årig investeringsplan til styremøtet i mai 2022.

Adm. direktør Varden hadde følgjande nytt 4:

Styret ber administrerende direktør formalisere avtale om lån av bereevne frå Helse Vest.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg til vedtak punkt 1 – 3 , med tilleggspunkt 4, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2022:

Investeringsbudsjett 2022 (tal i tusen kroner)	Budsjett 2022
Byggteknisk infrastruktur	8 600
Arealplan Lærdal	2 000
Nye Førde sjukehus	267 700
Sum	278 300
Medisinskteknisk utstyr (MTU)	40 000
IKT	3 600
Ambulansar	10 000
Sum MTU og andre investeringar	53 600
Sum investeringar	331 900

2. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere mindre tilpassingar innanfor ramma til investeringsbudsjettet. Administrerende direktør rapporterer til styret tilpassingar som er gjort sidan førre evaluering av investeringsplan.
3. Styret ber administrerende direktør legge fram fem-årig investeringsplan til styremøtet i mai 2022.
4. Styret ber administrerende direktør formalisere avtale om lån av bereevne frå Helse Vest.

Saker til orientering:

Sak 084/2021 Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde

Oppsummering:

Statusrapporten er ei orientering om aktiviteten innan forskning og innovasjon siste halvår i 2021, samt ein meir utfyllande rapport om kliniske studiar (mål og status). Rapporteringa har denne gang hovudfokus på kliniske studiar, med bakgrunn i at dette er eit høgt prioritert område i føringar og styringsdokument.

Helse Førde har hatt to disputasar i haust. I tillegg har det vore arbeidd mykje med forskings- og innovasjonssøknader til Helse Vest og Norges forskingsråd, av dette fleire større søknader.

Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet (HVL) har eit felles forprosjekt som skal vurdere behov for og tilrå løysingar for felles arealutfordringar i dag og i framtida. Det er arealutfordringar i dag, og desse er venta å bli større i åra framover. Forprosjektet ser difor både på kortsiktige og langsikte løysingar.

Seksjonsleiar Mjanger orienterte om status for forskning og innovasjon

- *I Helse Førde har Torill Terum og Stig Magne Solstad disputert*
- *Status søknader, interne og eksterne*
- *Utvikling av campusområde på Vie*
- *Helseinnovasjonskonferansen 2022 vert digital*
-

Forsningsleiar Solheim orienterte om kliniske studiar:

- *Kliniske studiar – mål og status*
- *Initiativ til kliniske studiar*
- *Verdien av kliniske studiar*
- *Samarbeidsavdelingar i kliniske studiar*
- *Sentrale tiltak i regionen – Helse Førde er involvert*
- *Deltaking i nye nasjonale forskingssenter for klinisk behandling*
- *Lokale tiltak*

Styret takka for ei god sak med presentasjon.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om forskings- og innovasjons (FOI)-aktiviteten andre halvår 2021, inkludert statusrapport om kliniske studiar i Helse Førde, til vitende.

Sak 085/2021 Rapportering om prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Det er stor og aukande aktivitet i prosjekt innan bygg, IKT og organisasjonsutvikling. I tillegg blir det arbeidd for å betre styringa av den samla porteføljen.

Helse Førde har ein omfattande prosjektportefølje, som involverer medarbeidarar i alle deler av organisasjonen. Dei aller fleste prosjekta er organisert i desse programma:

- Pasientens helseteneste
- Nye Førde sjukehus
- Alle møter
- Heliks
- Libra

Det viktigaste aktivitetane i år er:

- Start bygging Livabygget
- Organisasjonsutviklingsprosjekt i Pasientens helseteneste
- Ny journalløysing (ODA)
- Innføring av nye kommunikasjonsverktøy gjennom Alle møter - programmet
- Innføring av ny innkjøps- og lagerløysing

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek rapportering om status for prosjektporteføljen til vitende.
2. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å betre styringa av prosjektporteføljen slik det går fram av saksframlegget.

Sak 086/2021 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjekt Nye Førde sjukehus er godt i rute med å gjennomføre planlagt arbeid. Samarbeidet og dialogen med totalentreprenør Veidekke er god. Det pågår no eit omfattande arbeid med avklaring av føresetnader for detaljprosjekteringa, og Helse Førde sin driftsorganisasjon bidreg på ein svært god måte. Prosjektet er i ein avsluttande fase i høve til å gjere endringar i prosjektet, og inn mot jul vil alle føresetnader for detaljprosjekteringa vere definerte. Endringar etter dette tidspunktet vil gje store kostnadskonsekvensar.

Den store risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt til differanse mellom kostnadsutviklingsindeks for byggeprosjekt og deflator, men prognosar indikerer ei betring med ein korreksjon i kostnadsutviklinga for 2022.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 087/2021 Eventuelt**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet:**

- Protokoll frå drøftingsmøte 15.12.2021 vedr. utkast til budsjett og investeringsbudsjett for Helse Førde 2022
- Vedtak i FAMU 15.12.2021 knytta til utkast budsjett/investeringsbudsjett 2022 for Helse Førde

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd nr. 1

Sak 088/2021 Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn**Oppsummering:**

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerande direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Vedtak (samrøystes):

Administrerande direktør si løn blir regulert med 2,82 %, med verknad frå 01.01.2021.

Ref. Berit Irene Haarklau
17.12.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem